

VARSLINGSPLAKATA



Vinje kommune

Kva er varsling?

Varsling er å vidareformidle opplysningar om kritikkverdige tilhøve til nokon som sjølv kan stoppe, eller hjelpe til at dei kritikkverdige tilhøva stoppar. Kritikkverdige tilhøve er:

- Forhold som kan er til fare for liv og helse
- Mobbing, trakassering og uønska seksuell merksemd
- Korrupsjon, underslag, tjuveri, økonomiske mislegheitar
- Maktmisbruk og diskriminering
- Fare for klima og miljø
- Uforsvarleg arbeidsmiljø
- Brot på teieplikta

Varslingsrutinane gjeld både for tilsette og politikarar i Vinje kommune.

Varsling er positivt

Varsling er med på å kvalitetssikre verksemda og kritikkverdige forhold kan rettast opp. Tilsette som er villige til å varsle er ein viktig ressurs for Vinje kommune

Rett og plikt til å varsle

Lova gjev deg rett og plikt til å varsle. Tilsette og politikarar vert oppmoda om å nytte denne retten, dersom kritikkverdige tilhøve vert oppdaga.

Korleis og kven varslar du til?

Sak og situasjon avgjer korleis det er best å varsle. I utgangspunktet skal alle kunne varsle til næraste overordan eller det organ som har ansvar for det det varslast om. Me ønsker at varselet er skriftleg i internkontrollsystemet Compilo.

- Alle saker kan varslast til næraste overordna
- Du kan gå til leiar sin leiar viss du ikkje kan gå til leiaren din
- Du kan varsle til tillitsvald eller verneombod
- Brot på skattereglar eller reglar for smøring/korrupsjon kan varslas til plan- og økonomisjef.
- Viss alle kanalar er forsøkt utan at det er oppnådd respons, kan du varsle eksternt.

Ekstern varsling

Vinje kommune har lagt til rette for å tilsette kan varsle på ein god måte. Samstundes har du rett til å varsle til offentlege tilsyn om tilhøve som er relevante for desse. Varsling til media bør vere eit alternativ som berre vert nytta når alle andre kanalar er forsøkt utan resultat. Offentleg varsling til media kan vere nødvendig når saka har allmenn interesse, eller er av samfunnsmessig verdi.

Oppfølging av varsling

Det er rådmann og/eller organisasjonssjef som mottok varsel i Compilo, og vidaresender til leiar som har ansvar for å handsame.

Leiinga har ansvar for oppfølging av saker som er varsla, uavhengig av korleis og til kven du har varsla.

1. Leiinga må ta stilling til habilitet og korleis det skal ryddast opp i dei varsla tilhøva, i hovudsak innan 3 dagar frå varselet vart motteke
2. Varslaren skal ha melding om motteke varsel innan 14 dagar
3. varslarens identitet og opplysningar skal ikkje vere kjend for fleire enn det som er nødvendig.
4. Den som vert skulda for eit kritikkverdig forhold, må få moglegheit til å gje sin versjon av saka
5. Dersom kritikk eller varsel visar seg å vera grunnlause, skal likevel varslaren ha ei forklaring
6. Leiinga har ansvar for å ta vare på både varslar og den som eventuelt er ramma av varselet eller kritikken

Forbod mot å straffe varslaren!

Det er forbode å straffe varslaren eller å sanksjonere mot tilsette som har varsla i samsvar med arbeidsmiljøova § 2 A-1, 2 A-2.

Varslarar som opplever dette må orieterer øvste leiar, tillitsvald eller verneombod om tilhøva. Øvste leiar må handsame saka med ein gong.

Anonymitet og konfidensialitet

Varsling kan gjerast anonymt, men å vera open vil vera betre for sakshandsaminga. Varslarens identitet er uansett eit tilhøve som skal handsamast med diskresjon av alle involverte partar. Varslarens identitet skal i alle høve ikkje gjerast kjent utan at varslarens samtykke.

Varsling på øvste leing

Viss varselet gjeld øvste leiar, vil varselet gå til organisasjonssjef og kontrollutvalet.

Ytringsfrihet internt

Ytringsfrihet er ein grunnlovsfesta menneskerett. Hovudprinsippet er at alle kan ytre seg fritt på eigne vegne, og at verksemda bestemmer kven som uttalar seg på vegne av verksemda.

Ytringsfriheiten går langt, men er også avgrensa til lojalitetsplikta som følger av arbeidsforholdet. Det bør vere takhøgde for å diskutere faglege og arbeidsmiljømessige spørsmål i lag med leiarar og kollegaer.

Meir informasjon om varslingsrutinar finn du i internkontrollsystemet Compilo - [Compilo \(ksx.no\)](https://www.compilo.no)